

Harding Puls  
v/Solfrid Aksnes  
Vikøyvegen 408  
5600 Norheimsund

*På vegne av møte mellom:*

Kunstnarhuset Messen - v/ dagleg leiar Stig Lundblad Sandbakk  
Hardanger Kunstlag – v/ styreleiar Johild Mæland  
HardingarT – v/ Kjell-Erik Ruud  
Sentralbadet Litteraturhus – v/ Ingvild Ystanes  
Harding Puls - v/ styret og styreleiar Solfrid Aksnes

Til Hordaland fylkeskommune

## **FORPROSJEKT - kunst- og kulturaktørar Hardanger kr. 20.000**

Hordaland Fylkeskommune har oppfordra styret i Harding Puls til å ta initiativ til å samle aktørane innan kunst og kultur i Hardanger for å få eit heilskafeleg bilet og tyngde i regionen.

Den 28. august møttes aktørane som er nemnt over til den fyrste samlinga for å diskutera korleis skal me gå fram for å betra den økonomiske situasjonen for oss alle.

Me hadde og med oss ein representant frå kulturavdelinga hjå Hordaland Fylkeskommune, ein representant frå Hardangerrådet og ein representant frå Hardanger Kulturråd.

Me som møtte i fyrste omgang står alle enkeltvis og me slit med å få tak i store nok økonomiske midlar til drift og fast tilsetjing av leiarar og medarbeidarar. Me er kvar for oss for små til å få nok tyngde og merksemd i det nasjonale bilde og til dei faste driftsmidlane.

Våre lokale politikarar i Hardanger tar heller ikkje innover seg at me har behov for meir profesjonell driftsform. Dei største utfordringane for dei fleste av oss er at kreativ utvikling av potensiale me set på blir liggande litt for mykje i dvale då me må bruka største delen av tida på å overleva økonomisk med dei små ressursane me har tilgang til.

### **Spørsmåla som vart drøfta på møtet mellom aktørane var:**

Korleis kan me i fellesskap profilera oss slik at våre tiltak i Hardanger får meir "tyngde"?

Korleis kan me spela på kvarandre?

Kan me få til felles regional satsing utan at me lagar fleire byråkratiske løysingar ?

Kven andre bør vera med ?

For å kome fram til svar og løysingar på spørsmåla treng me ei modningstid der me lagar skisser og kan prøve ut forslag og idear for samarbeid, som i neste omgang kan utløysa sikrarar støtte og løysingar på drift og utvikling for kvar enkelt aktør.

Me søker difor om midlar til eit forprosjekt som har som føremål å:

- arrangere felles idémøte
- synleggjere potensiale hjå kvar aktør
- synleggjere kva utfordringar kvar enkelt har
- utforma og utprøva forslag til løysingar, samarbeid og nettverket mellom oss
- lage ein plan for felles marknadsføring og synleggjering av kunst og kulturfeltet
- kontakta nødvendige økonomiske støttespelarar både offentlege og innan næring
- skrive dei fyrtre søknadane for å få ei økonomisk plattform for å vidareutvikle samarbeidet som kan hjelpe til å sikra drift for kvar enkelt aktør i framtida.
- Inviterer fleire med i nettverket

Skapar me større og sikrarar økonomi og inntekter for kvar av aktørane bidreg det både til å styrka oppdraga og næringa til kunstnarane innan alle fagfelt. Og det vil utløyse fleire sikrare arbeidsplassar innan aktørane i kunst- og kulturfeltet i regionen.

**Budsjett forprosjektet:**

Møter, materiell, leige	kr. 5 000
Referat og planarbeid	kr. 20 000
Søknadsskriving og kontaktar	kr. 20 000
Diverse	kr. 5 000
<u>Sum</u>	<u>kr. 50 000</u>

**Finansiering forprosjektet**

Hardanger Kulturfond	kr. 20 000
Hordaland fylkeskommune	kr. 20 000
<u>Eigen del aktørane til saman</u>	<u>kr. 10 000</u>
<u>Sum</u>	<u>kr. 50 000</u>

Norheimsund 30. august 2017

Med venleg helsing  
Harding Puls  
v/ Solfrid Aksnes

På vegne av aktørane som møttes den 28. august 2017